




# Kyrkjebladet for VAKSDAL

Påska er feiringa av at  
Jesus vann over døden!  
Det at Jesus døydde og  
sto opp igjen for oss,  
er heilt grunnleggjande  
i trua vår og er vel verdt  
å feira!

Ane Dyvik Haugstvedt

Me ynskjer  
alle lesarane  
ei velsigna  
**GOD PÅSKE-  
HØGTID**



I KRISE ER  
VATN KRITISK

KIRKENES NØDHJELP  
act alliance

FASTEAKSJONEN 2016  
**13.-15. MARS**

**Misjonærar  
på Fiji**  
Side 4-5

**Vegen**  
Side 8, 9,  
10 og 11

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 15 og 16

**DEN NORSKE KYRKJA****I VAKSDAL****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Kyrkjekontoret har ikkje telefaks.

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo****Rosvold**

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

**Trusopplærar****Kristin Straume Audestad**

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

**Kantor Tone Synnøve Ø. Steinkopf**

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

**Kantor (vikar) Natalia Medvedeva**

Mobil: 477 17 931

E-post: natalia.medvedeva@vaksdal.kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

*Veggteppe med påskemotiv i Vaksdal kyrkje.*

Utgjevar: IKO

**Nytt år og nye ...**

For nokre dagar sidan hadde eg gleda av å sitta som publikum på kommunestyremøte. Det var ei sak som var oppe, og det var saga om asylmottak på Dale. Dette var eit godt og informativt møte som vart avslutta med gode innlegg frå dei politiske partia, og eit vedtak som i mine øyre klang godt. I ettertid forstår eg at både UDI og Hero gjekk noko skuffa frå møtet, og at det ikkje vert noko asylmottak i denne omgang. Men ein ting er heilt sikkert, det vil komma flyktningar til kommunen. Kor mange, og kor raskt dei kjem, er usikkert. Men me som bur i kommunen må gjera det me kan for å ta godt imot dei, tenkjer eg.

I kommunestyremøtet var det ein del snakk om tenestetilbodet i Vaksdal kommune og korleis ei slik tilstrømming vil påverka dette. Det er viktige og store spørsmål, som eg ikkje skal synsa så mykje om her. Men kva med deg og meg? Korleis påverkar det oss? Er DU klar for å gjera ein ekstra innsats? Er me klare for å ofra noko av fritida vår til å bli kjent med nokon? Nokon som ikkje kan norsk, mange kan sikkert ikkje engelsk heller. Nokon som ikkje kjenner til norsk kultur.

Eg fekk ei ny og betre forståing om korleis det er å vera i ein framand kultur fyrste gongen eg var i Kenya. Dette var rett nok i ein svært hyggeleg samanheng. Det var fyrste besøk til framtidige svigerforeldre. Eg vart godt tatt imot, alle var snille mot meg, og (nesten) alle snakka engelsk. Men kva med alt det andre. Dei kulturelle kodane. Ting som er høfleg å gjera i Noreg, kan vere frekt å gjera i Kenya. Eg har gått på ein smell eller to. Morosame historier i ettertid, men direkte flaut når du er i situasjonen. Greie folk, men ein vert faktisk ganske utsliitt når ein hører eit framand språk bli snakka rundt deg heile dagen i fleire veker. Folk med masse humor, men eg har ikkje same humoren som dei. Som framandspråkleg er humor visst noko av det siste du lærer i ein ny kultur.

Eg tenkjer at når slike relativt enkle utfordringar kjem på toppen av det å faktisk væra flyktning, må me som medmenneske engasjere oss!!

Me på kyrkjekontoret kjem til å gjera noko. Akkurat kva, sit me og diskuterer litt i desse dagar. Vil du vera med eller har gode idear, vonar eg du tar kontakt.

**GOD PÅSKE!****Fellesrådsleiar:**

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

**Soknerådsleiarar:**

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Kjersti Vetlejord Børø

tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

**Den norske kyrkja si heimeside:**[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Bjørgvin bispedømme si heimeside:**[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLAD FOR  
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**Riss Grafisk AS,  
5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

**Retur til:** Kyrkjekontoretfor Vaksdal, Pb. 113,  
5721 Dalekvam**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 19. mai 2016!**



## Barabbas gjekk fri

*Landshovdingen tok igjen til orde: «Kven av dei to vil de at eg skal gje dykk fri?» Dei svara: «Barabbas!» «Kva skal eg då gjera med Jesus, han som blir kalla Messias?» spurde Pilatus. Då svara dei alle: «Krossfest han!» «Kva vondt har han så gjort?» spurde han. Men dei skreik berre endå høgare: «Krossfest han!» Då gav han dei Barabbas fri, men let Jesus piska og gav han over til krossfesting. Matt. 27.21-23 + 26*

Påskedramaet handlar om Jesus som vart teken til fangen, dømd til døden, krossfest og stod opp tredje dagen. Det er kortversjonen. Barabbasfortellinga er og eit avgjerande punkt i heile dramaet. Jødane hadde teke Jesus til fangen. Dei forhörde han for det høge rådet, men kunne ikkje døme han til døden. Den makta hadde berre Landshovdingen Pilatus. Etter samtaler med Jesus fann Pilatus ikkje noko å skulde Jesus for. Pilatus fekk ein ide. Han fann den verste forbrytaren i fengselet sitt. Pilatus hadde for vane å sleppe fri ein fange kvar påske. Når han sette opp Barabbas mot Jesus, då måtte vel folket skjøne galskapen. Men folket valde likevel Barabbas. Då vart Pilatus fanga av sine eigne ord. Pilatus var framleis fri til å gjere kva han ville, men han turte ikkje for presset frå dei jødiske leiarane. Dei kunne jo klage til Keisaren på at han ikkje dømde ein opprørar som jødane sin konge. Her var det politiske komplikasjonar, og det var nett Jødenes konge som stod som skuldinga på krossen.

Jesus, Guds menneskeson, måtte døy for at mennesket skulle gå fri domen over synda, lærer bibelen. Namnet Barabbas er aramaisk. Det tyder Faderens son. Namnet

Barabbas vert eit teikn om at alle som trur og set sin lit til Jesus Kristus, vert kalla Guds born. Han lærde jo læresveinane å be bøna: Vår far i himmelen. Ved Jesu død vert vi sett frie.

Kva skjedde vidare med røvaren Barabbas? Det veit vi ikkje. Spørsmålet står ope, som det og gjer med dei soldatane som vokte grava. Det vi ser i bibelfortellinga er at mange som fekk eit møte med Jesus, fekk livet sitt totalt endra. Kven var alle dei som vende om til trua på Jesus i ára etter? Det er ikkje utenkeleg at nokre av dei var menneske som hadde sett og møtt Jesus, ja som hadde stått på torget og ropt: Krossfest. Offiseren på Golgata saman med soldatane sine, ropte vedkjennингa då Jesus hadde anda ut: »Sanneleg, han var Guds Son!»

Korleis kan me som lever i år 2016 etter Kristus skjøne kva som skjedde, og kome til tru på han? Kven var Jesus? Påskedag sprengjer rammene for vit. Kan eg tru på at nokon står opp frå dei døde? Det er grunnlaget for trua i kyrkja. Samstundes er det noko i heile dramaet som gir hjelp til å sjå kven han var og er. Han sette fangar i fridom. Sjølv frå tankens fengsel kan Jesus sette meg fri. Kanskje er det nettopp bøna om å få sjå Jesus som skulle vere vår bøn denne påskehøgtida. Eg er og ein Barabbas som treng fridom. Det var min synd som spikra Jesus til krossen. Ein annan røvar, kanskje ven av Barabbas sa: «Jesus kom meg i hug når du kjem til ditt rike!» Denne enkle bøna og vedkjenningsa var nok til at Jesus svara: «I dag skal du vere med meg i Paradis.»

**Sokneprest  
Edvard Bø**



## - Det er ein gjevande jobb!

Ane Dyvik Haugstvedt, mannen Bjarte og dei fire borna bur på Fiji. Difor har dei bokstavleg tala vore veldig i vinden ganske nyleg, grunna tyfonen «Winston». På Fiji er dei fordi dei kjenner seg kalla av Gud til å vere der.

### Stanghelle, Sotra - og resten av verda

- Eg har barndomsheimen min på Stanghelle, fortel Ane (37 år). Ti år gammal flytta ho til Taiwan, og etter det vidare til Hong Kong, då foreldra, Odd og Reidun L Dyvik, vart utsendt som misjonærar. Ho kom tilbake siste året på ungdomsskulen og gjekk då på Dale. Deretter har ho budd i Bergen, USA, Danmark - der ho utdanna seg til lege - , Sogn, Sotra og Fiji.

- Eg vart kjent med Bjarte (38), mannen min, då me begge var utvekslingsstudentar i USA, og i 1998 vart me vidige i Stamnes kyrkje. Me har fått fire flotte born, Emma (13), Jonathan (10), Silas (7) og Jacob (3). Foreldra mine har framleis huset på Stanghelle og det er alltid kjekt

### å koma til Stanghelle!

Bjarte er utdanna sjukepleiar, og fortel at han kjem frå Sotra. Han vaks opp på Vindenes, og hadde ein fin oppvekst der.

- Eg fekk vere med på søndagskule frå tidleg alder, og vart ofte ekstra engasjert når dei snakka om misjon. Eg byrja på Danielsen vidaregående skule etter ungdomsskulen. Der møtte eg Ane, og me reiste altså på same tur til USA. Etter gymnaset vart det eit år på bibelskule i Sarons dal på meg, med etterfylgjande giftarmål.

### Fiji

No er Ane og Bjarte på Fiji, utsendt som

### FAKTA

#### Forbøn og gjevarteneste

Alle medarbeidrarar i "Ungdom i Oppdrag" har sjølv ansvar for å skaffe naudsynte finansar. Dei siste åra har me gått i "Frelsesarmeien i Solheimsvik" og denne kyrkje-lyden, samt ein på Sotra og i Sogn, er med på å støtte oss økonomisk. Den største støtta kjem frå vener, familie og kjende. Me er og avhengige av at nokon ber for oss, og vil vera takk-same om de tek oss me i bøn!

Viss nokon ynskjer å vite meir om arbeidet, kan de lese meir og sjå video på heimesida [www.marinereachfiji.com](http://www.marinereachfiji.com) eller sende oss ein epost til [adyh78@hotmail.com](mailto:adyh78@hotmail.com)



misionærar for "Ungdom i Oppdrag" (UiO).

Dette er ein av verdas største misjonsorganisasjonar. Han er internasjonal og tverr-kyrkjeleg, og jobbar i over 180 land.

- Me jobbar som medisinske koordinatorar for "Marine Reach", som er ein del av UiO. Jobben går ut på å planlege og gjennomføre helseklinikkar i ulike landsbyar her på Fiji. Marine Reach har ein mobil lege- og tannlegeklinik som me har med oss ut i dei ulike landsbyane. All behandling og medisin er gratis for dei som kjem. Me driv og helsetundervisning både på klinikken og på nærliggjande skular. Evangelisering og forbøn er og ein stor del av arbeidet. Når me ikkje er ute i ein landsby, så er me heime i Lautoka og planlegg neste klinik. Det er mykje praktisk som må ordnast.

Dei fortel at dei og har vore med på å starte ein "Healthcare Discipleship Training School" (DTS) som er ein 5 månader lang skule for dei som ynskjer å "kjenne Gud og gjere han kjent". Skulen har og undervisning i helserelaterte tema og helsemisjon.

#### Kva var det som gjorde at de kom dit og vart engasjert i dette arbeidet?

- Me har begge hatt eit misjonskall. Etter endt utdanning og noko arbeids erfaring følte me at det no var på tide. Me bestemte oss for å teste ut kallet og få litt meir misjonserfaring. I mange år har me reist på familieleirar med "Ungdom i Oppdrag", og møtt mange familiar som har tatt ein "Disippeltreningsskule" (DTS). Det ville me og gjøre, og me havna på DTS på Fiji i 2012. Etter DTS kom me attende til Noreg, men me kjende på eit kall om å reise tilbake. Sommaren 2014 flytta me så til Fiji.

#### Korleis er daglelivet for dykk og borna?

- Fyrste året vårt her gjekk borna på lokal, engelskspråkleg skule. Det var ein stor overgang, då det ofte er nærmare 50 elevar på ein lærar, veldig enkle lærebøker og ein anna måte å gjøre ting på. Etter eitt år bestemte me oss for heimeundervisning, så dagen startar med det heime.

- Når me er på outreach, så reiser me til ein landsby og bur der i ca 2 veker. Då reiser me heile familien, og dei eldste hjelper til i klinikken. Dette er noko av det me likar best, det er ein gjevande jobb!

Når dei ikkje er på outreach, planlegg Ane og Bjarte sin neste outreach og gjer alle dei praktiske førebuingane, fortel dei. Dei er og på sjukehusbesøk kvar



Klinik i samfunnshuset i ein landsby.



Heime i huset vårt - besøk av mormor og besten.



Medical outreach team.

veke, og ber for dei sjuke. Når det er DTS er dei med og undervisar, samt er med på å disippe gjere unge menneske som ynskjer eit nærmare forhold til Gud. Bjarte er og med i leiarskapet der på basen.

#### Kva er særskild med å bu på Fiji sammenlikna med i Noreg?

- Her er det sommar året rundt, så me

sveittar mykje!. Fiji er eit mindre utvikla land, så det meste her er av lågare standard enn i Noreg. Kulturen her er gjestfri og venleg. Når ein går på gata helsar nesten alle på deg og seier "Bula!". Kulturen er relasjonsbasert og det er mindre fokus på prestasjon. Det meste går på "Fijitime"- dvs at alt skjer i saktare tempo enn me er vande med.

Ane og Bjart fortel at dei planlegg ein tur til Noreg i sommar for å besøke familie og vene. - Det gler me seg oss til! Etter sommaren reiser me attende til Fiji og tek eitt år til her på Fiji der me vil jobbe vidare med klinikkar og DTS.

**Tekst/Intervju: Frode Kvamsøe**

#### FAKTA

Syklogen "Winston", som råka Fiji i februar, er den verste nokon gong på den sørlege halvkula. Mange på Fiji har mista hus og heim som fylgje av uveret. Særleg dei som bur i enkle tre- eller bylgjeblekhus har blitt råka. Familien Haugstvedt vart ikkje råka så hardt, men opplevde mellom anna at straumen vart borte i fleire dagar.

Bergens Tidende skreiv om familien Haugstvedt den 20. februar, og artikkelen kan lesast på [www.bt.no](http://www.bt.no), og VaksdalPosten hadde oppslag om dei 3. mars.



# Min salme

Min salme er denne gongen skrive av Trygve Boge. Han vart utfordra av Olav Arne Steinkopf

Ein av våre kjæraste salmar er utan tvil **Å salige stund uten like**. Det var Johan Halmrast som skreiv teksten. Han hadde ein stor produksjon av romanar og var svært populær i si tid. Men det er salmen vår han var mest kjend for. Sjølv om han var populær døydde han i fattigdom.

Kristian Wendelborg laga tonen til songen. Han var organist i Sagene kirke i Oslo og skreiv fleire populære korsongar, men det er denne salmen som er best kjend.

Salmen er ein av jubelsalmane vi syng på påskennattsmesse og sjølvsagt første påskedag. Forfattaren har heilt tydelig opplevd betydninga av at Jesus er stått opp. Alt i andre strofa blir det proklamert «han lever, han lever ennu!» For oss kristne er ein oppstadens Jesus sjølve nerven i trua vår. Johan Halmrast vil formidle det «salige bud» at Jesus er stått opp. «Han lever og jeg skal få bringe hans venner det salige ord - tenk, jeg som er ringest blant ringe, den minste han kjenner på jord. Tenk jeg skal hans hilsen frembære, å kunne jeg synge det ut. Mer kunne ei engler begjære enn gå med så salig et bud».

Vi dveler naturlig på langfredagsbodskapen og har problem med å skjøna kvifor nokon kunne gå i døden for vår

skuld. «Du søkte din trøst i den døde og dvelte ved gravnatten kun. Så fikk du den levende møte, å salige, salige stund». Når vi får møta den oppstadne Jesus betyr det ei forandring i livet vårt. Ein oppstadens Jesus gir grunnlag å satsa vidare på.

**Trygve Boge sender salmestafetten vidare til Jostein Rene.**

Norsk salmebok 2013 nr 199

T: Johan Halmrast 1890

O: Jens Otterbech 1921 (Ns)

M: Kristian Wendelborg 1890

1. *Å salige stund uten like,  
han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel, hvorfor sørger da du?  
Han er ikke lenger i graven,  
hvor bleknet i døden han lå;  
jeg levende så ham i haven,  
og aldri så skjønn jeg ham så.*
2. *Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord -  
tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
den minste han kjenner på jord.  
Tenk jeg skal hans hilsen frembære,  
å, kunne jeg synge det ut!  
Mer kunne ei engler begjære  
enn gå med så salig et bud.*
3. *Å salige stund uten like,  
han lever, han lever ennu!  
Han vandrer i seierens rike,  
min sjel, hvorfor sørger da du?  
Du søkte din trøst i den døde  
og dvelte ved gravnatten kun;  
så fikk du den levende møte,  
å salige, salige stund.*



**Kyrkjebladet har to gonger (!) gjort feil i samband med  
Liv Sæther si ynskje - salme. No freistar me for tredje gong å gjere det rett:**

T: Elias Blix 1875  
M: Antwerpen 1540/Norsk folketone (Sunnmøre)

1 *Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag.  
Gud, lat den samferd vara alt til min døyand dag!  
Det er mi høgste æra,  
det er mi største ros,  
hans fylgjesvein å vera og vandra i hans ljós.*

2 *Min Jesus, sannings stjerna,  
lys opp min mørke veg!  
Mitt hjarta vil så gjerna få fylgja etter deg.  
Du lyser enn i verdi som for fra Betlehem.  
Ver du mitt ljós på ferdi, til heim med deg eg kjem!*

3 *Min Jesus, gjævast givnad,  
min eignalut og skatt!  
I all min gang og livnad meg støtt for auga statt!  
Som vesle blomen trugen ser opp mot sol og dag,  
til deg så vender hugen, til deg kvar andedrag.*

4 *Min Jesus, Sarons lilja, blom fagert opp i meg!  
Lat ingen ting meg skilja og riva bort frå deg!  
Du vin-tre i Guds hage, min kjære Herre Krist, unn også meg den lage å veksa som din kvist!*

5 *Du til di grein meg sette alt i min fyrste vår, med livsens dogg meg vætte, gav sol og signa år.  
Du vil og vokster gjeva alt til min siste slutt:  
lat meg i deg få leva, i deg få anda ut!*

## Gåve og nytt i Stamnes kyrkje

Etter at ein innførde den nye tradisjonen med å tenna dåpslys i samband med dåp i kyrkja, har ein hatt trond for ein høvande stake å plassera dette lyset i. Ei så vakker symbolisk handling, krev ei verdig ramme, også i form av ein lysestake i ekte sølv. Dette har kyrkja vår no fått. Ein gjeng som me kallar «Dei driftige damene», (- i år også forsterka med ein mann...), brukar kvar førjulstid å baka lefser for sal i lokale over butikken på Stamnes. Overskotet gjev dei til ulike gode formål i bygda, og tidlegare har dei mellom anna finansiert den forsegjorte oppslagstavla utanfor kyrkja. I år fekk soknerådet desse pengane til å kjøpe lysestake for, og denne er no på plass. Soknerådet vil seia hjartelig takk for ei fin gåve! Me er takksame for at folket i bygda vår sluttar opp om kyrkja vår også på denne måten.

Så har kyrkja på Stamnes også lenge hatt trond for å skifta ut den gamle løparen i midtgangen i kyrkjeskipet, og dette er no endeleg gjort. Den nye er i blåtonar, og er slik soknerådet ser det, med på å forsterka det lyse og venlege i interiøret i kyrkja. -Dessutan ligg det



Lysestake til dåpslys.  
(Foto: Eidrun S. Normann)



Ny løpar i Stamnes kyrkje. (Foto: Eidrun S. Normann)

nye teppet stabilt og trygt på golvet, ein slepp vera redd for å snubla i eit bulkete teppe slik det var før. Slik sett var dette også i tillegg til det estetiske, eit viktig HMS-tiltak. Dei fleste reaksjonar frå kyrkjelyden har vore positive. Ein barnekrok er også planlagt å få på plass lengst bak i kyrkja. Inventar og utstyr til denne er for lengst skaffa ved trusopplæraren. Det som står att er arbeidet med å fjerna ein benk og finna ny plassering for denne, før mye leikar og teikneutstyr kjem på plass. Dette vil av erfaring vera kjærkome for småbarnsforeldre. Vel møtt i kyrkja vår!

## Ny runde med Bjerkrheimjazz, denne gong i Bergen domkirke og Os kyrkje!

*Bjerkrheimjazz er swingande musikk, komponert og arrangert av Olav Arne Steinkopf, til tekstar av den kjente og kjære salmediktaren Trygve Bjerkrheim.*

*BjerkrheimJazz vart framført på Vossajazzen i 2011 med to fulle hus. Medverkande var eit kor på 70 songarar og eit band med m.a. Frøydís Grorud (kjend frå Beat for beat). Dirigent var kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf.*

*Helga 15.-17. april skal Bjerkrheimjazz igjen framførast – denne gongen i Bergen domkirke og Os kyrkje.*

*Medverkande er 50 koristar frå Ung kirkesang, med unge songarar frå kyrkjene i Førde i Sogn og Fjordane i nord til Sveio i Sunnhordland i sør: Korskulen i Vaksdal, Korskulen i Førde kyrkje, Førde ungdomskor, Dale barnekor, Dale ungdomskor, Accord og Magnificat frå Åsane kirke, Ullensvang ungdomskor og*

*Sveio barnekor. Pluss ca 70 voksne koristar frå Bjørgvin kirkesangforbund, frå Førde i Sogn og Fjordane i nord til Os i sør: Førde kyrkjekor, Cantus frå Fjaler, Prima Vista frå Åsane kirke, Øygårdskoret, Kyriaké frå Os kyrkje, Birkeland kantori og koret Kilden frå Vaksdal.*

*Dirigent: Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Solo: Ole Strøm Saksofon: Frøydís Grorud. Bass: Magne Tormodsæther. Trommer: Sigurd Øygard Steinkopf. Orkesterleiar: Olav Arne Steinkopf. Produsent: Gro Anthun. Prosjektkor med 120 ungdommar og voksne koristar, frå 12 - 80 år!*

### KONSERTAR:

**Laurdag 16.04 i Bergen domkirke:**

**Søndag 17.04 i Os kyrkje:**

**Konsert kl. 17.00**

**Konsert kl. 17.00**

## FASTEKSJONEN 2016 13.-15. MARS

Send **GAVE** på  
sms til **2426** (200 kr)  
eller benytt  
kontonummer  
**1594 22 87493**



**KIRKENS NÖDHJELP**  
act alliance





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølv sagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Vegen i Vaksdal på Facebook!

## Det store salmeslaget

23. januar var det på nytt duka for «Det store salmeslaget» i Samfunnssalen på Vaksdal. Konfirmanthane i Vaksdal og Modalen var samla i sju grupper, og framførde kvar si salme for dei andre konfirmantane og publikum elles. Salmane byrja konfirmanthane å synge på allereie i haust, og alle var fleire gonger med og song på alle salmane slik at dei ikkje berre vart kjent med den deira gruppe skulle synge. Konfirmanthane fekk opplæring både i korleis dei skulle synge salmane og korleis dei kunne visualisere dei. I konserten fekk kvar gruppe respons frå dommarpanelet - Hege Eide Vik, Arne Normann og Ove Magne Straume - men då det var røysting fekk og alle andre i salen seie sitt.



Vinnargruppa: F.v. Sandra Flåm Krogsrud, Irmelin Trengereid Hop, Anna Elisabeth Sunde, Alexandra Boge Andreassen, Lars Seim og May Kristin Løtveld Larsen. (Foto: Kyrkjebladet)

## Lys Vaken på Dale og utdeling av NT i Dale sokn

I slutten av januar, frå laurdag ettermiddag til søndag etter gudstensta på søndagen, arrangerte me Lys Vaken i Dale kyrkje. 19 kjekke femteklassingar var samla til leik, song, pizza-eting og moro. Sundagen var alle i aldersgruppa frå Dale sokn inviterte til å få Nytestamentet, og det var ein fin gjeng som tok imot boka med dei godeorda inni.



Hanna, Emma og Hedda hadde det kjeikt på Lys Vaken. (Foto: Brit Kydland)



Ein fin gjeng frå Dale sokn fekk Nytestamentet. (Foto: Brit Kydland)



## Tårnagenthelg



Ole Dalseid Landro utforskar kyrkjeorgelet (Foto: Kristin Audestad)



Tårnagentane 2016! Ein fin gjeng. (Foto: Kristin Audestad)

6. og 7. februar var det tårnagenthelg på Vaksdal! Årets åtteåringar var inviterte, og 21 spente tårnagentar kom og vart med på opplegget, der dei mellom anna fekk eige agentbevis, utforska kyrkja og

eta flaggermussuppe! Me øvde også på den fengande tårnagentsongen, som vart framfort under gudstenesta på søndag. Her deltok alle tårnagentane på ulikt vis, blant anna med å hella i dåpsvatnet, bera

korset ved prosesjon, tekstlesing, dramatisering og framsyning av eigne teikningar. Ei kjekk helg, både for agentar og heldige vaksne som fekk vera med dei!



Mange born hadde vore så lenge med i barnekor at dei fekk diplom.

## Familiefest på Stanghelle

31. Januar var det familiefest i Stanghelle bedehus, for Korskulen i Vaksdal. Her var det spleislag med mykje god mat, og koristane framførte songar for familiene sine. Kora i Korskulen er drivne av kantor Tone Synnøve Steinkopf, og til no har også Olav Arne Steinkopf vore med i dette arbeidet. Sidan denne dagen var siste arbeidsdagen hans før han byrja i ny jobb i Arna, nyttar ein høvet til å takka han for god innsats gjennom alle år. Det vart mykje ros og blomar, og alt var vel fortent! Elles vart også fleire av medlemmane i barnekora heidra med koppar, smykker og diplomar, alt etter kor lenge dei hadde vore med i kora.



På Palmesundag gjer ein vegen fin når Jesus rir inn i Jerusalem (Foto: Ragnvald Kringlebotten)

## Borna sin påskedag

Årets femåringar og sjuaåringar i kommunen vert i desse dagar inviterte til Borna sin Påskedag. Det er eit arrangement som me prøvde ut for fyrste gong i fjor, og går ut på at me via fire postar vandrar gjennom dei viktigaste hendingane i påska. I år vert arrangementet lagt til **Dale kyrkje 3.april kl. 16, og Eksingedalen kyrkje 10.april kl.11**. Dei som har lyst til å delta, vel sjølv kva stad dei reiser til. Til Eksingedalen blir i tillegg resten av borna i 1.-4. klasse i Eksingedalen og Nesheim sokn spesielt inviterte. Dette er altså ikkje heilt vanlege gudstenester, og er særskilt tilrettelagt for born. Men dei passar likevel for alle, og alle som har lyst til å vera med er sjølv sagt velkomne!

## Utdeling av NT til elleveåringar i Eksingedalen

Palmesundag er årets elleveåringar i Eksingedalen spesielt inviterte til gudstenesta i Eksingedalen kyrkje kl. 11. Då skal dei få utdelt Nytestamentet, og det vert kyrkjehaffi etterpå.



# Kva skjer på VEGEN framover?

## Vårtreff for barnekor

Det er vårtreff i Samnanger helga 8.-10. april og born frå korskulen i Vaksdal deltek.

Det vert avslutta med gudssteneste i Aadland kyrkje søndag 10. april kl. 11.00. Her får ein høyre fin korsong av mange ungar (80-90 stk).

Møt opp og få ei fin oppleving.

## Motocross og båttur

Elles skal me i løpet av året prøva oss på to heilt nye samlingar: årets niaringar får tilbod om samling på motorcrossbana i Geitabotn på veg mot Stamnes, og årets tolvåringar får sjansen til å vera med på Båt- og fiskesamling der me samarbeidar med Skutefolket og skal på tokt med Brørvikaskuta. Desse samlingane er ikkje ferdig planlagde endå, men me håpar å få til å gjennomført dei i år! Tid og stad kjem med invitasjon i postkassa til dei som er i rett aldersgruppe. Følg også med på «Vegen i Vaksdal»-sida på facebook, der me prøver å leggja ut informasjon fortløpande.

## Babysong på Stamnes og Vaksdal

Me har lenge hatt baby-og småbornssong på Stamnes, ein torsdag i månaden. Dette har kantor Tone Synnøve ansvar for, og primæraldersgruppe er 0-3 år. Sjølv om det føregår på Stamnes, er det viktig å understreka at det er eit tilbod som interesserte i heile kommunen kan delta på! Dataar som er att før sommaren er: 14. april og 12. mai, og kanskje 9.juni, det er ikkje heilt bestemt endå.

No skal me i tillegg utvida tilboden, og tilby babysong på Vaksdal. Dette vil vera eigna for babyar frå dei er nyfødde og til dei er rundt eitt år. Kristin skal arrangera dette, ho har vore på kurs i metoden, og lært fine songar og regler som høver for målgruppa. Babysong er ein lenge utprøvd og velfungerande opplegg som blant anna er med på å styrka relasjone mellom mor/far og bornl fyrste omgang har me sett opp babysong fem gongar i vår: **Torsdag 31. mars, og kvar torsdag i april. Tid: 10 -11. Stad: Konfirmantrommet i Vaksdal kyrkje.**

**Ta gjerne med niste, så et me ilag etterpå. Alle babyar frå heile kommunen er sjølv sagt velkomne!**

**Vil du vita meir om opplegget, ta gjerne kontakt med Kristin (95766379).**

## Korskulen 10 år! (5 år, 15 år)!

I år er det 10 år sidan korskulen i Vaksdal vart starta. Det heitte den gong Stanghelle barnesongkor. Koret øvde i bedehuset på Stanghelle og var for born i alderen 10 år (5.klasse) og oppover. Det var kantorane Steinkopf som tok initiativ til oppstarten og fekk hjelp av Ingrid og Arne Verpelstad. Koret starta eigentleg heilt forsiktig med nokre få samlingar på slutten av året 2005, men starta for fullt januar 2006. Då det vart nedgang i tal medlemmer vart øvingane flytta til Dale kyrkje. Koret har sidan halde til der og fekk namnet Stanghelle/Dale barnesongkor.

Fem år seinare 2011 vart Vaksdal barnekor starta med øvingar i Vaksdal kyrkje. Då gjekk ein over til å kalle det Korskulen i Vaksdal. Slik kunne ein òg innlemme Stamnes barnekor som var starta fem år tidlegare i 2001. Baby/småbornssongen på Stamnes er det òg naturleg å innlemme som ein del av Korskulen og sidan Kilden er tilboden for ungdomane så høyrer dei òg med. Slik har korskulen utvikla seg og vorte meir og meir utvida.

Dei seinare åra har ein òg hatt eit eige tilbod for dei eldste i korskulen og dei yngste i Kilden, ungdomsgruppa. Alle barnekora har ekstraøving for dei eldste, så kvar korøving er på ein måte dobbel. I løpet av desse åra er det svært mange som har vore innom korskulen og hatt sin periode der.

Mange songar har vore sunge og kora har delteke på utallege gudsstenester, basarar, konserter og ulike turar. Korskulen er ein plass der målsetjinga er å lære å synge, få kjennskap til ulikt repertoar, og være ein trusoplæringsarena. Øvingane inneholder både læring og leik.

30. april vil Korskulen halde konsert i Dale kyrkje kl 17.00. Etterpå vert det fest i Dale bedehus. Det er 10 års markering og 5 års markering denne dagen.

Tidlegare medlemmer er hjarteleg velkomne, og til å delta! De vert utfordra til å vere med og bidra!

**Korskulen held konsert 30. april kl 17.00 Dale kyrkje**



## Tankar frå trusopplæraren

Me seier gjerne at den viktigaste arenaen for trusopplæringa er i heimen. Men kva legg me eigentleg i det? Eg har grubla ein del over dette no etter at eg vart trusopplærar. Er det å lesa mest mogleg bibelhistoriar for borna som er trusopplæring i heimen? Er det at foreldra er opne om trua si, og viser at den er viktig for dei, at dei les ofte i Bibelen sjølv? Er trusopplæring i heimen det å be/syngja kveldsbøn med borna om kvelden? Eller er det det å ha trua «integrrert» som ein naturleg del av kvardagen, og snakka om/be til Gud/Jesus når det kjennest naturleg?

Utan at eg skal påberopa meg noko fasit, trur eg i grunn alt det eg nemner over kjem inn under «trusopplæring i heimen». Og at

ingen av desse tinga er feil, eller utelukkar det andre. Så har eg tenkt på meg sjølv: er eg flink nok til å visa borna kor viktig trua er for meg, og veit dei eigentleg ein del av det som står i Bibelen? Er trua ein naturleg del av kvardagen vår? Eg innser at eg ikkje har lest så mykje bibelhistoriar for borna, men når me har gjort det, har eg i alle fall prøvd å snakka om kva det betyr for oss i vårt liv.

Når det har skjedd små eller store ting som har vore vanskelege, har me ofte tatt det opp i kveldsbøna som me prøver å huska kvar kveld. Det er forresten ikkje borna som har problem med å huska den... Det har skjedd meir enn ein gong at dei ropar: me har gløymt å be! Og så ber me. For dei

me er glade i, og dei me veit treng ei ekstra bøn. For at me må klara å huska å vera snille. Me takkar for det som er bra. Etterpå snakkar me gjerne om Gud. Av og til om døden. At me skjønar det er mange som ikkje trur på Gud, sidan me ikkje kan sjå Han. Men at me kjänner på oss, inni oss, at Han finst. Og at det er godt å be, og vita at nokon passar på oss.

Eller så snakkar me om heilt andre ting, som Lego ninjago eller Hello Kitty eller at eg vart litt for sint då dei hadde spelt for lenge på mobilen min.

**Kristin**



## Sluttar av i Stamnes kyrkje

Olav Gammersvik runda 70 år på slutten av fjoråret, og nyårsaftan hadde han si siste gudsteneste som kyrkjetenar og klokkar i Stamnes kyrkje.

- Det var i 1993 eg byrja som klokkar, og oppgåvene var då å lese kunngjeringsane og bibeltekstane i gudstenestene, samt å elles assistere prest og kyrkjetenar. Då Hans Brørvik ga seg som kyrkjetenar tok eg over dei oppgåvene og.

Kyrkjetenaren er til stades når det er gudstenester, gravferder, vigslar og andre samkomer i kyrkja. Når det er gudstenste startar det gjerne med å henge opp plakatar nokre dagar i førevegen, og å låse døra når alle har gått ut etterpå. Blant oppgåvene elles er å setje på varmen, dekke altaret og ringe med klokene.

- Det har vore eit gjevande og meiningsfylt arbeid, seier Olav. - Allsidig og interessant.

Men det har og vore krevjande å alltid vere like førebudd og å takle uventa hendingar. - Det var og ei utfordring å skulle stå framfor folk i kyrkja, fortel Olav, men etter kvart vart det ein rutine og dermed lettare.

Olav har vore bonde i alle år, men gav seg med dyr for fem år sidan. Han har og sytt for broytning av vegane på Osterøy-delen av Stamnes i mange år, slik han og gjer det denne vinteren. Olav og kona Gerd er og gjerne å sjå i bedehuset på Stamnes, og mange hugsar dei som mangeårige leiarar i Stamnes Ving.



Sigrid tok over som kyrkjetenar og klokkar ved årsskiftet. Olav slutta då i dei stillingane i Stamnes kyrkje.

- Det har alltid vore nok å gjere på, og mange dagar har vore lange og hektiske, seier Olav. - Men no vonar eg det vert meir tid til å vere med familien og å vere til stades for dei.

*Kyrkjelyd og medarbeidarar takkar Olav for innsatsen i Stamnes kyrkje!*



### Takk og velkommen

Torbjørn Iversen slutta som kyrkjetenar i Eidsland kapell ved årsskiftet, etter sju år i den tenesta. Takk for innsatsen!

**Sigrid Straume Normann** er ny kyrkjetenar og klokkar i Stamnes kyrkje og Eidsland kapell. Ho er 20 år og student i Bergen, men bur på Straume. Velkommen!



# Natalia er på plass

Natalia Medvedeva er 55 år og bur på Sotra. Ho er frå Karelen i Vest-Russland, frå byen Petrozavodsk. Byen er ein fabrikkby - bynamnet tyder nett det - og vart grunnlagt av Peter den Store. Byen vart grunnlagt omrent samstundes som, St. Petersburg, fortel Natalia. Ho bur såleis langt vekke frå der ho vaks opp, men får av og til besøk av si mor. Og i Bergen bur son, svigerdotter og barnebarnet Phillip på 1 år, så ho har familie ikkje så langt unna. Og viss nokon skulle spørje seg: Ho er IKKJE i slekt med den russiske statsministeren Dmitrij Medvedev

Natalia kom til Noreg for femten år sidan, og starta som kulturskulelærar i Torsken på Senja. Der starta ho og som vikarorganist. Seinare har ho vore i Lødingen og i Vindafjord, før ho kom til Sund, der ho var kantor. Ho studerte kyrkjemusikk i Tromsø då ho budde nordpå, men grunnutdanninga hennar er ein diplomutdanning i musikkvitenskap, med piano som hovudinstrument. Då det vart ledig stilling som kantorkvikar hos oss, søkte ho stillinga. Det var fire søkerar, og valet fall altså på Natalia. Natalia skal spele til gudsteneste, gravferd, vigsel og på eldreibestyrkje. Ho skal og vere med i barnekora, og elles vere med på stabsmøter og andre samlingar. Ho har 50% stilling, og vil normalt vere på plass i Vaksdal to dagar i veka samt om søndagane når ho spelar til gudsteneste.



Natalia ved orgelet i Eksingedalen kyrkje.



Natalia kan brukast til myhje.

## Pasjonssalme: Hans Leo Hasslers hymne «O Haupt voll Blut und Wunden» i orgellitteratur og i Norsk Salmebok

Programmer som innholder tradisjonelle, kjente og kjære koraler, spilles ofte i orgelkonsertpraksis. Men det er også en vanlig situasjon at det er veldig få i publikum som kjenner til navnet på originalmelodien i den berømte satsen av J.S.Bach, D. Buxtehude eller andre komponister som ble spilt på konserten. Den tyske komponisten og organisten Hans Leo Hasslers navn er lite kjent. Hans originale musikk er ikke mye i bruk verken ved konserter eller gudstjenester.

Vi kunne nesten glemt, og ikke hørt om, Hassler uten den ene melodien som han har skrevet. Og denne melodien kjenner alle til som noen gang hadde åpnet en sangbok. Hans melodien «O Haupt voll Blut und Wunden» kjenner i fra første takten. Komponisten som har skrevet melodien fortjent at vi, lytttere, husker hans navn også. Den mest kjent

melodien av Hassler finnes i de fleste salmebøker. Melodien ble en stor inspirasjonskilde for svært mange komponister.

Den aktuelle repertoarlisten er rimelig stor. Vi finner omarbeidelse av Hasslers koral i orgellitteratur i alle stiler, for forskjellige instrumenter og kor. Spesielt ofte brukes denne melodien i orgellitteratur og kombinasjon kor-orgel. Denne populariteten sier mye om hvor viktig denne koralen er i orgellitteraturen.

Noen av komponistene som brukte denne koralen er J.S. Bach, D. Buxtehude, J. Pachelbel, J.L. Krebs, J.G. Rheinberger, F. Mendelssohn-Bartholdy, J. Brahms, M. Reger. Vi kan forsette med mange andre navn fra ulike epoker i musikkhistorien.

I Norsk Salmebok (1985) brukes melodien med 4 forskjellige tekster: O hode, høyt forhånet (NoS

150), Velt alle dine veier (NoS 460), La meg for alltid være (NoS 660) og Her møtes alle veier (NoS 826).

Hans Leo Hassler von Roseneck (også Hassler eller Hasler) var døpt 26. oktober 1564 i Nürnberg, og døde 8. juni 1612 i Frankfurt on Main. Hassler studerte med Andrea Gabrieli fra 1584 og ble venn med nevøen og eleven, Giovanni Gabrieli. Fra 1585 jobbet Hassler som en organist i Augsburg, Nürnberg og Frankfurt on Main.

Hasslers verk står i stilendringen fra den sene renessanse-polyfonien til den venetianske tidlig-barokke klangutfordelsen, og i sine sangsatser til en enklere, mer sangbar homofoni.

Hasslers sanger var en viktig modell for tyske komponister som J. Staden, J.H. Schein og J. Crüger. Med oppregning av kun noen



navn av komponister som ble påvirket av Hasslers verker kan vi se hans viktige rolle i tysk musikk i hans tid og senere. Men melodien «O Haupt voll Blut und Wunden» er enestående blant hans verker, og er en viktig arv som mange komponister fra senere tid tar med seg.

Natalia Medvedeva



## Vaksdal bedehus

Søndag 3. april kl. 11.00: Storsamling  
12.-15. april: Felles møteveke på Dale  
Søndag 24. april kl. 11.00: Storsamling  
Søndag 1. mai kl. 16.00: Basar  
Søndag 10. mai kl. 11.00: Storsamling  
Søndag 22. mai kl. 11.00: Storsamling  
Søndag 12. juni kl. 11.00: Storsamling

## Stanghelle bedehus

12.-15. april: Felles møteveke på Dale  
Onsdag 11. mai kl. 19.00: Møte.  
Tale ved Ole Corneliusen  
Onsdag 8. juni kl. 19.00: Møte.  
Tale ved Ole Corneliusen

## Dale bedehus

Onsdag 16. mars kl. 19.00. Møte v/NLM.  
Tale ved Kristian Gangstø  
Onsdag 30. mars kl. 19.00. Møte.  
Tale ved Helge Keilgulen  
12.-15. april: Felles møteveke.  
Møter kl. 19.00. Tale ved Audun Hjelvik  
Søndag 17. mai kl. 18.00: Fest!  
Andakt ved Christian Skoge

# Sokneråd og Fellesråd 2015-2016

## VAKSDAL SOKNERÅD

Leiar: Grete Lofheim Dale  
Nestleiar: Bjørn Knutsen  
Skrivar: Svein Hovlandsdal  
Kasserar: Oddvar Dale (vara medlem)  
Medlem: Odd Arild Faugstad  
Medlem: Hans Kristian Lid  
Medlem: Sonja Berit Boge

## DALE SOKNERÅD

Leiar: Eli Kringlebotten  
Nestleiar: Britt Kyland  
Skrivar: Kjartan Dale  
Kasserar: Roy Steinsland  
Medlem: Thor Andersen  
Medlem: Evelyn Tvedt

## STAMNES SOKNERÅD

Leiar: Bjørn Stammesfet  
Nestleiar: Eidrun Straume Normann  
Skrivar: Rose-Marie Mo Lilletvedt  
Kasserar: Olaug L Stammes  
Medlem: Anne Margrethe Eikefet  
Medlem: Egil Kaland

## NESHEIM SOKNERÅD

Leiar: Gøril Kvinge Nesheim  
Nestleiar: Anita Gullbrå  
Skrivar: Magnar Nese  
Kasserar: Sveinung T Bergo

## EKSINGEDEALEN SOKNERÅD

Leiar: Kjersti Vetlejord Børø  
Skrivar: Asbjørn Flatekval  
Kasserar: Kåre Magnar Trefall  
Medlem: Haldis Fjellanger

## BERGSDALEN SOKNERÅD

Leiar: Herborg Holt Lid  
Nestleiar: Anne Hilde Fosse Osvold  
Skrivar: Dan Berge  
Kasserar: Elin Mbogo-Svensson

**Ha ein  
GOD dag!**

**Laurdag 9. april**  
kl. 12-14

Denne dagen skal konfirmantane hjelpe dei som ynskjer det med praktiske oppgåver som til dømes å handle, rake lauv eller flytte på ting, og andre oppgåver som kan vere vanskelege når ein er åleine eller helsa ikkje er på topp. Slik skal konfirmantane gjøre sitt til å lage ein GOD dag for menneska rundt seg, og for seg sjølv.

**Vil du ha hjelp av konfirmantane?**  
Gjeld Vaksdal, Dale og Stamnes sokn  
Kontakt Frode (90 19 65 14) eller Edvard (90 84 06 24)  
seinast laurdag kl. 11.00.

**Servering av vafler og kaffi med meir ved butikkane kl. 12 - 14**

**FYLG BERGSDALEN KYRKJE PÅ FACEBOOK!**

## VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Leiar: Odd Arild Faugstad  
Nestleiar: Anne Hilde Fosse Osvold  
Medlem: Thor Andersen  
Medlem: Anne Margrete Eikefet  
Medlem: Haldis Fjellanger  
Medlem: Anita Gullbrå  
Medlem: Sigmund Simmenes (kommunal representant)  
Medlem: Frode Kvamsøe (geistleg representant)  
Skrivar: Bjart-Magnus Ndogo Rosvold (kyrkjeverje)

  
**Bergsdalstunet**  
Bergsdalstunet  
56 59 89 34



**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



**Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • [www.arnpro.no](http://www.arnpro.no)

**coop  
prix**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00



**SparebankenVest**

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)



**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**V**

**vangen elektriske a/s**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

[www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)

**GRAVMINNER**



• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Opprettning

Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.



**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)



# SLEKTTERS GANG



## DØYPTE

### Dale

- 29.11 Silas Sandvik Indrebø  
Julian Ulveseth  
31.01 Hanne Tvedt Knutsen  
Runa Olivie Skaftun  
14.02 Elias Stanghelle-Faugstad

### Nesheim

- 17.01 Kasper Nesheim

### Vaksdal

- 13.12 Elina Herheim Midtbø (døypet på Voss)  
07.02 Harald-André Madsen Helland  
06.03 Lars Olav Bjørke  
Sara Gullbrå



## DØDE

### Dale

- 07.12 Sigurd Nils Helle 1920  
26.12 Karl Martin Faugstad 1945  
29.01 Siri Bjørnberg Starnes 1971  
10.02 Elsbeth Rønhovde 1935  
15.02 Dorrit Knutsen 1958

### Eidsland

- 22.01 Leif Mattson 1926 (bisett i Åsane)

### Eksingedalen

- 18.11 Kari Brekkhus 1921  
04.10 Ester Gullbrå 1942

### Nesheim

- 29.12 Marit Fjellanger 1937

### Starnes

- 22.12 Marta Vik 1926  
01.01 Bjørg Iversen 1929  
23.01 Klara Vik 1918

### Vaksdal

- 05.12 Olav Moldeklev 1952 (gravlagt i Arna)  
14.12 Jonatan Ulveraker 2009  
01.01 Johannes Vaksdal 1925  
09.01 Ole Johan Rødberg 1922  
21.02 Edith Faugstad 1923

# VELKOMEN TIL KYRKJA

### Torsdag 5. mai

- Helgetorsdag  
SKIPSELLEREN (Starnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste.  
Kvamsøe. Takkoffer til Sjømannskyrkja.

### Laurdag 7. mai

DALE KYRKJE kl. 12.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

### Sundag 8. mai

- 5. sundag i påsketida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø. Dåp. Takkoffer  
til Kyrkjelydsarbeidet.

### Sundag 15. mai

- 6. sundag i påsketida  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste/konfirma-  
sjon. Bø og Kvamsøe. Dåp. Takkoffer til Fagertun leirstad.  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 15.00. Høgtidsgudsteneste/konfir-  
masjon. Bø. Dåp. Takkoffer til Fagertun Leirstad.

### Sundag 17. mai

- Grunnlovsdagen  
VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Gudsteneste. H. Kinsarvik.  
Takkoffer til Sjømannskyrkja.  
DALE KYRKJE kl. 10.30. Gudsteneste. Kvamsøe. Takkoffer til  
Menneskeverd.  
STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste. H. Kinsar-  
vik. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.  
EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

### Sundag 22. mai

- Treeiningssundag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

### Sundag 29. mai

- 2. sundag i treeiningstida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Bergen

### Sundag 5 juni

- 3. sundag i treeiningstida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Daledags-gudsteneste. Bø og  
Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS-Bjørgvin  
FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER. Kl. 12.00.  
Fitjavastemna. Vogel. Matøkt (medbragt mat).

### Sundag 14. juni

- 4. sundag i treeiningstida  
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer. Kyrkjekaffi  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer til Barnevakten.

### Sundag 19. juni

- 3. sundag i treeiningstida  
AGNAVİKA (Stanghelle) kl. 16.00. Familiegudsteneste.  
Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

**Effektiv  
trafikkopplæring**

Tlf. 913 03 491  
geir@effektivtrafikk.no  
www.effektivtrafikk.no

**Alt innan tømrararbeid**



TLF. 922 65 739





## B Blad

B  
posten  
DISTRIBUERT AV POSTEN  
NOREG P.P. PORTO BETALT  
Norge

Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal  
Postboks 113, 5721 Dalekvam

## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 20. mars** - Palmesundag  
EKSINGDALEN KYRKJE kl. 11.00.  
Familiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Utdeling av Nytestamente. Takkoffer til Kirkens Nödhjelp/Fasteaksjonen. Kyrkjekaffi.

**Torsdag 24. mars** - Skjærtorsdag  
EIDSLAND KAPELL kl. 10.30. Orgelresitasjon.  
Kl. 11.00. Nattverdsgudsteneste. Kvamsøe. Takkoffer til Kirken SOS Bjørgvin.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.30. Orgelresitasjon.  
Kl. 19.00. Nattverdsgudsteneste. Bø.

**Fredag 25. mars** - Langfredag  
STAMNES KYRKJE kl. 10.30. Orgelresitasjon,  
Kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Bø. Dåp.  
Nattverd.

**Sundag 27. mars** - Påskedag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Bibelskapet. Kyrkjekaffi. Forsongarar møter kl. 10.00.  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp.  
Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nödhjelp - Fasteaksjonen. Kyrkjekaffi.  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 15.00. Høgtidsgudsteneste.  
Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nödhjelp - Fasteaksjonen. Kyrkjekaffi.

**Måndag 28. mars** - 2. påskedag  
Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Sundag 3. april** - 2. sundag i påsketida  
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS - Bjørgvin.  
DALE KYRKJE kl. 16.00. Borna sin påskedag, med påskevandring. Kvamsøe m/fleire. Nattverd. Takkoffer.

**Sundag 10. april** - 1. sundag i påsketida  
EKSINGDALEN KYRKJE kl. 11.00. Barna sin påskedag, med påskevandring. Kvamsøe m/fleire. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Redd Barne. Kyrkjekaffi.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

**Sundag 17. april** - 1. sundag i påsketida  
Dale kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Mariastiftelsen. Kyrkjekaffi.

**Laurdag 23. april**  
EIDSLAND KAPELL kl. 12.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dåp.  
Takkoffer til Fagertun leirstad.

**Sundag 24. april** - 4. sundag i påsketida  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til HimalPartner. Kyrkjekaffi.  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til HimalPartner. Kyrkjekaffi.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe med konfirmantane fra Vaksdal, Dale og Stamnes. Bø og Kvamsøe. Kantorane m/band. Kilden. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

**Søndag 1. mai**  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dale Mannskor.  
Takkoffer til Kristne Arbeidere.

**Held fram på side 15**

Dåp = Høye til dåp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.



*Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad*

*omsom*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*